Utvida Rygerfonn klår om ein månad

03.03.2014

Om ein månad vil MS Rygerfonn vera ombygd og kan settast i trafikk att mellom Rosendal og Bergen. Kapasiteten vil då vera auka frå 114 til 145 passasjerar. Det er dagleg leiar Lars A, Rødne som opplysar dette til uskedalen.no. Også uskedelingar er ivrige og entusiastiske brukarar av båten, som har vore ein suksess sidan han vart sett i trafikk i 2007. Rødne held fram at det ikkje minst er høg service og punktlegheit som har lagt eit grunnlag for suksessen,

Det har vore ein jamn auke i talet på reisande frå 25 000 til 45 000, men frå 2012 til 2013 var det ikkje stor pluss i trafikken, opplysar Rødne.

No køyrer denne ruta på ny kontrakt som gjeld i 10 år og også omfattar ruta mellom Våge og Os. Kontrakten har ein samla verdi på 250 millionar kroner og gjeld frå siste årsskifte..

Det er Rygerkongen som vert nytta no når Rygerfonn vert forlenga, noko som skjer i Eikefjorden.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen